



Kjøleskåpet etter at Gaute hadde fjerna det frå vegg og sløkt brannen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

15-åringen Gaute Moberg er dagens helt i Uskedalen. I ettermiddag redda han truleg Uskedalen Oppvekstsenter frå ein brann som kunne ha vorte katastrofal. Brannen var utan tvil påsett, opplyser politioverbetjent Sigurd Børve til uskedalen.no



Dagens helt i Uskedalen- Gaute Moberg.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Klokka var 13.40 då Gaute var på veg over fotballbana mot båthamna. Då gjekk brannalarmen på skulen og Gaute såg at det rauk frå og flamma opp inne i eit kjøleskap som har stått under leskuret sidan Aktivitetsdagen i juni. No var det tomt.

15-åringen var ikkje sein om å skubba kjøleskapet ut frå veggen. Etter to-tre minuttar hadde han sløkt varmen ved hjelp av skoa han hadde på seg og som vart godt svidde. Då kom også brannvesenet til stades, varsla av den automatiske varslinga. Brannfolka forsikra seg om at varmen ikkje hadde trengt inn i skulen på noko vis, men det var mykje røyk også inne.

Gaute fortel at døra på kjøleskapet sto oppe og at det nederst låg mellom anna ei dokke og nokre sprayboksar som han trur hadde inneheldt parfyme. Naboar fortel at nokre ungdommar vart sett ved skulen i tidsrommet før brannen.

Tidlegare på dagen, truleg ved 11-tida, vart det i området høyrte fleire smell – som frå eksplosjon i sprayboksar.

- Det var maksimal flaks at brannen vart kvelt så fort, noko som uskedalingane kan takka Gaute for. Han er dagens helt i Uskedalen, seier politioverbetjent Sigurd Børve, som også kom til staden like etterpå. Måndag tek lensmannskontoret til med etterforskinga og Børve gjer det klårt at politiet allereie har gode spor å gå etter.

Av Ola Matti Mathisen



Restar av sprayboksar vil fortelja politiet noko om hva som har gått føre seg. (Foto: Ola Matti Mathisen).